



Fem av dei seks i styret samla til konstituerande møte. Frå venstre sit Bjarne Lilleaas, Pål Haugland, Bjarte Døssland, Johan Henrik Lyse og Elisabeth Sæle. Oddmund Soldal var ikkje til stades. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Bjarte Døssland tek over etter Eli Eiane Klyve som leiar i det største laget i bygda - Uskedalen Idrettslag. Det skjedde då styret konstituerte seg sjølv søndag kveld. Under årsmøtet for ei veke sidan ville ingen ta på seg leiarvervet og det vart difor beslutta at valet skulle skje i samband med konstitueringa.

Elles i styret sit Oddmund Soldal, som kasserar og transportsjef og Bjarne Lilleaas som skrivar. Johan Henrik Lyse, Elisabeth Sæle og Pål Haugland er alle styremedlemmer. Det nye idrettslagstyret har ein aldersmessig gunstig spreiding, frå 20 (Sæle) til 63 år (Haugland).

Den nye leiianga har førebels rimelegvis ikkje utforma nokon arbeids- eller strategiplan , men med tanke på ein slik blir det eit viktig møte i nær framtid. Til det vil også gruppeleiarane bli innkalla.

Gruppene i UIL arbeider godt og det nye styret har dermed ein solid plattform for verksemda. Ei av oppgåvene til det nye styret blir å auka medlemstalet ytterlegare sjølv om laget har mange aktive medlemmar i alle aldrar og særleg har god rekruttering blant dei yngste.

Drifta av dei tekniske anlegga er ein stor utfordring og var ei hovudsak på årsmøtet..

Av Ola Matti Mathisen